

Haugland Maskin på stor grasdemonstrasjon på Sundfør.

11.06.2016



Stian Haugland under demonstrasjonen

**Stian Haugland frå Haugland Maskin deltok på ein stor grasdemonstrasjon på Sundfør i Tysvær kommune torsdag. Over 200 interesserte og skodelystne var til stades på arrangementet der Stian brukte deira eiga presse, ei John Deere 960 variabel kombipresse som er den første og einaste i landet.**

Pressa til Haugland Maskin kan variera rundballestorleiken frå 0,8 m til 1,6 m i diameter. Stian Haugland kunne fortelja at det var 4 ulike presser som deltok i demonstrasjonen. Det vart undersøkt kva for ei presse som laga dei tyngste rundballane. Pressa til Haugland Maskin kom desidert best ut av denne 'konkurransen'.

Rundballane dei pressa av tørt gras med diameter 1,3 meter, vog 1265 kg. Kor tunge ballane er, må vera av stor interesse både for dei som leiger pressing, og for dei som kjøper rundballefor.

Meir om demonstrasjonen på Sundfør finn de ved å [gå inn på Bondevennen](#). Der er også ein interessant biletserie frå demonstrasjonen.

Då eg snakka med Stian Haugland, var han på veg til Åkra og 'slatteoppdrag' der. Det er travle tider for slatteentreprenørane på Haugland. I tillegg til Åkra er dei i aktivitet på heile strekningen frå Mauranger til Sandvoll. Det er 3 mann som driv på med dette arbeidet, og til tider er 4 traktorar i bruk. Det er ein som slår, ein som rakar saman, ein som pressar i rundballar og ein som kører vekk ballane om det er behov for det. Dei er glade for det fine veret, og arbeidsdagane vert lange.

- Det er mykje å gjera, men eg håpar vi skal kunna la det stå i ro i morgen, avslutta Stian Haugland.



Arne J. Haugland i arbeid med slåtten i heimbygda

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Bondevennen og Thor Inge Døssland